

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Knut Vidar Svanheld  
Arkivsaksnr.: 20/338-13

Arkiv: PLAN 2020002

---

## **Reguleringsplan for masseuttak på Eide gard - Skjolden Plan-ID 2020002**

### **Rådmannen si tilråding:**

1. Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune vedtek med heimel i plan- og bygningsloven §12-14 å legge forslag til detaljreguleringsplan Massetak Eide planid 2020002 med føresegner ut til offentlig ettersyn.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere nokre redaksjonelle og planfaglege justeringar av dokumenta før planen vert sendt ut til offentlig ettersyn.

## Saksutgreiing:

### Prenta vedlegg:

1. Plankart - førebels
2. Planføresegner – desse vert ettersendt før møtet
3. Planomtale
4. ROS-analyse

### Uprenta vedlegg:

### Samandrag:


Luster kommune har motteke forslag til reguleringsplan for massetak på Eide gard. Grunna behov for masse i området er det viktig å få godkjent reguleringsplan, noko som gjer at rådmannen ønskjer eit vedtak om utlegging no før ferien, sjølv om ikkje alle dokument er 100% ferdige.

### Utval som har vedtaksmynde:

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:  
Plan- og forvaltningsutvalet med kommunestyret som slutthandsamar

### Fakta:

Luster kommune har motteke forslag til reguleringsplan for massetak Eide på Eide gard i Skjolden. Dette er eit eksisterande massetak som vart etablert som kriseløysing for å tilgang på masse til oppattbygging av infrastruktur i Skjolden og Fortun etter flaumen i 2018. NVE har vore den som har teke i mot mesteparten av dei massane som er teke ut. Dronebilete i planomtala samt flyfoto frå kommunekart.com under viser i all hovudsak situasjonen i dag, sjølv om det nok er teke ut noko meir. Flyfotoet er noko mørkt då området lag i skuggen ved tidspunkt for fotografering.



I og med at dette massetaket vart sett i gang som krisetiltak, så er det lite styring av tiltaket vidare. Tiltakshavar og kommunen er einige om at det er fornuftig å regulerer planområdet, slik at ein får rammer for vidare uttak, avslutning og opppynting av tiltaket.

Rådmannen viser til at tiltaket har eksistert ein stund, men kommunen har ikkje registrert at drift har medført lokale reaksjonar på støy og støv. Rådmannen meiner difor dette massetaket er relativt konfliktlaust, og stør at det vert vidareført, men med gode rammer for avslutning.

Vedlegg 1-4 som vert sendt ut til politisk handsaming er ikkje ferdig gjennomarbeidd. Administrasjonen har ein dialog med tiltakshavar om utforming av ferdige dokument, og dette er i god prosess.

Tiltakshavar har fått eit midlertidg uttaksløyve opp mot 10 000 m<sup>2</sup> i påvente av ferdig reguleringsplan. No har det vist seg at NVE skal gjere eit stort tiltak på Skjolden, og dette tiltaket er ikkje lengre å sjå på som eit krisetiltak. Dei er då avhengige av tilgang på masse frå godkjent uttak, og det er reist tvil om eit midlertidig løyve er tilstrekkeleg. Det er difor viktig at ein får godkjent reguleringsplan fortare enn ein trudde, noko som gjer at saka bør vere til offentleg ettersyn i sumar. Dette er grunnen til at rådmannen rår til at administrasjonen skal få fullmakt til å bearbeide plandokumenta noko meir i etterkant av vedtak om utlegging.

Rådmannen vil elles vise til at tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande kommuneplan, då området der er vist som LNF-område. Følgjeleg skulle eitt tiltak som dette ha vore konsekvensutgreidd før oppstart. No er dette uttaket allerie så omfattande som det er, og krav om KU hadde vore meningslaust etter kommunen si vurdering. Det er viktigare å få utarbeidd reguleringsplan for å heimle tiltak og krav til istandsetting etter ferdig uttak, samt stille krav om driftsplan. Ein vil då få massetaket inn i ordna former.

Vedlegg 1 er forslag til plankart. Området ligg innanfor aksomheistkart snøskred og steinsprang, noko som også må visast på plankartet. Det er ikkje gjort konkrete vurderingar i området, då det ikkje skal etablerast faste installasjonar eller former for lager av maskiner eller drivstoff då dette ligg nede på Eide gard. Det er gjort geologisk vurdering på eksisterande bustadtomter lengre ned som konkluderar med at rasproblematikk lengre ned i bygda vert redusert som eit resultat av massetaket.

Føresegnene er ikkje lagt ved, då dei treng ein god gjennomgang på struktur før utsending. Rådmannen meiner likevel at det er 4 punkt som er viktig at føresegnene svarar ut på ein god måte:

1. Driftstider som gjer at nærområdet ikkje vert utsett for unødige driftsplager.
2. Krav om driftsplan som vert godkjend av direktoratet for mineralforvaltning. Dette vil gje tiltakshavar og kommune gode vilkår for vidare drift. Driftsplan vert stilt som eit plankrav i føresegnene, men storleiken på tiltaket medfører også at det er krav om driftsplan, jf § 43 i mineralloven, som seier at uttak over 10 000 m<sup>3</sup> krev driftskonsesjon med driftsplan.
3. Krav om istandsetting når uttaket er ferdig og eventuelt etappevis istandsetjing dersom driftsplanen krev det.
4. Krav knytt til fare for forureining, jf støy og støyvoll for å dempe støy frå knuseverket.

Denne lista er ikkje uttømmende, då arbeidet med føresegnene er i prosess.

Rådmannen vil elles nemne at planforslaget ikkje går ned til fv 55, kor det er tilkomst til Eide gard. I forbindelse med at Eide gard har starta servering og etablering av Metre AS med same avkøyinga, legg rådmann til grunn at avkøying er akseptabel.

### **Vurdering:**

Rådmannen ønskjer å bidra til at massetaket på Eide kjem inn i ordna former så fort som råd, slik at masse kan leverast lokalt til større og mindre tiltak i nærområdet. Dette har også ein positiv effekt på beredskap ved eventuelle nye flaumar og det har ein klimagevinst i form av

at ein ikkje har så lang transport av masse. Rådmannen rår til et vedtak om utlegging til offentlig ettersyn.

Dato: 18.06.21

Jarle Skartun  
rådmann

Knut Vidar Svanheld  
Plansjef

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: